



Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE
Postboks 5091 Majorstua
Naustdalsvegen 1b
0301 OSLO

Vår ref:
25/5521-/ IH

Dykkar ref.:
fafd0de1-eabd-4c27-b613-
9e122425b24b202502034-
6

Dato:
24.04.2025

Uttale til Detaljplan for miljø og landskap - Øksenelvane kraftverk - Bremanger kommune, Vestland

Bakgrunn for saka

Vi viser til høring av detaljplan for miljø og landskap, for Øksenelvane kraftverk i Bremanger kommune.

Det nye kraftverket er planlagt bygt parallelt med det eksisterande frå 50-talet, og skal ha same inntaksmagasin; Store Øksendalsvatn. Vassveg og kraftstasjon blir sprengt ut i fjell, og det blir ca 260 000 m³ overskotsmassar. Detaljplanen gjer greie for handtering og bruk av desse, i tillegg til annan mellombels og varig arealbruk for anlegget. Sjødeponia blir behandla av Statsforvaltaren, etter ureiningslova. Detaljplanen omtalar konkrete avbøtande tiltak for dei ulike delområda, og det blir utarbeidd ein miljøoppfølgingsplan som skal sikre gjennomføring av desse, og ivaretaking av risiko for uønskete hendingar.

Det er gjennomført folkemøte i Ålfoten for informasjon og innspel til planane, og SFE ser det som aktuelt med meir informasjon frammot oppstart av anleggsfasen, som skal skje i vår, så snart alle løyve er på plass.

Kommunale vedtak

Vi viser til kommunen si fråsegn til vurdering av konsesjonsplikt for kraftverket, vårt brev den 31.01.2024. Sidan har kommunen gjeve to dispensasjon for permanente tiltak i samband med fyllingar m.v. i Åskora, Lunden, Svinevika, portalområde og lukehus. Dispensasjonane er gjevne med vilkår.

Bremanger formannskap gav i sak **FSK-119/24, den 12.12.2024**, dispensasjon, frå kommuneplan og det generelle byggje- og deleforbodet i strandsona, for planlagde tiltak i Åskora, Svinevika, Lunden og utfylling i sjø ved portalområde, med følgjande vilkår:

1 Grunnforholda skal vurderast for områda Åskora, Lunden og portalområde, og geoteknisk utgreiast om nødvendig.

2 Råd og krav i rapporten «Vurdering av grunntilhøve fylling Svinevikneset», datert 04.10.2024, skal følgjast fullt ut.

3 Fyllingane skal prosjekterast og utformast slik at dei har tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og bølgepåverknad med tanke på framtidig bruk, og slik at utslepp av finstoff blir minst muleg.

4 Flaumfare og skredfare i Åskora skal utgreiast av fagkunnige.

5 Fylling i Lunden skal prosjekterast og utførast slik at den ikkje er til hinder for fyrsektorane til Ålfoten lykt.

6 Fylling i Åskora må utgreiast nærare med omsyn til verknader for låssettingsplassen, og ein føreset at denne ikkje tek vesentleg skade, men framleis kan nyttast til føremålet, i framtida.

7 Fylling i sjø bør unngåast heilt i tida januar til og med april, og dersom fylling må gjerast i denne perioden, ev inklusive 1. mai til og med 15. juni, skal det setjast i verk avbøtande tiltak for å avgrense utslepp av finstoff og anna ureining, til sjø. Råd og krav i kap 4 i Firdakraft sin søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve, der dette er beskrive, skal følgjast.

8 Alle tiltak skal prosjekterast med tanke på at dei underordnar seg landskapet med omsyn til inngrep, formgjeving, material- og fargebruk.

9 I Åskora skal tiltak ved elvar prosjekterast slik at elvar med kantsoner blir minst muleg råka, og at heva veg og bru bidreg positivt i landskapsbiletet.

10 Alle tiltak skal detaljprosjekterast og beskrivast nærare i detaljplan for miljø og landskap, som skal på offentleg høyring.

11. Ein forutset at det vert utarbeidd ein anleggsplan som tek omsyn til trafikale tilhøve i Ålfoten i anleggsperioden.

Kommunen gav og, den **16.12.2024**, administrativt vedtak om dispensasjon for tiltak med portalområde med trafikkareal, og tiltak i samband med lukehus ved inntaksmagasinet, med følgjande vilkår:

- 1 Alle krav og råd i Asplan Viak sin skredrapport, og ingeniørgeologisk rapport frå Norconsult, skal følgjast.
- 2 Mellombelse og permanente tiltak ved portalområde inntak/lukehus skal tilpassast best muleg eksisterande terreng og gje minst muleg inngrep, og utforming og materialbruk skal ha gode estetiske kvalitetar og underordne seg landskapet. Murar skal så langt råd er, vere i naturstein.
- 3 Fyllingar og skjeringar skal avsluttast med eigna massar for rask tilgroing med stadeigen vegetasjon, og terrenget skal tilbakeførast så langt det er muleg, der det er planlagt mellombelse tiltak.
- 4 Løyve til unntak etter ureiningslova § 32, for deponi i Øksendalsvatnet.

Vurdering

Vi er nøgde med at dispensasjonsvilkåra i stor grad er oppfylte i detaljplanen for miljø og landskap, og føreset at det i det vidare arbeidet frammot anleggstart blir sikra at alle vilkår blir imøtekomne.

Vi vurderer at dei ulike tiltaka har varierende grad av prosjektering, slik at det vil vere nødvendig med byggjeløyve etter plan- og bygningslova, for å sikre tilstrekkeleg avklaring av verknader av tiltak.

Vi bed derfor om at tiltaket med landfyllingar og lukehus i samband med inntak Øksendalsvt., blir byggjemeldt, sameleis Klubbevika inklusive utskipingsanlegg for lekter, og fylling i Lunden.

Vi skjønar av detaljplanen at fyllingar i Åskora ikkje er aktuelle dersom det lukkast med utskipping av stein på lekter, til Gloppen. Vi ser vidare at gjennomføring av heving av veg i Åskora, inklusive ny bru, ev vil bli gjort etter at kraftverket er bygt. Dersom fylling og/eller vegheving likevel blir aktuelt i Åskora, må desse tiltaka detaljprosjekterast og byggjemeldast med ansvarsrettar. I byggjesaka må det då dokumenterast at aktuelle vilkår i dispensasjonsvedtaka er oppfølgt.

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning

Inger Hilde
Arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Norges vassdrags- og
energidirektorat, NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301

OSLO

Kopi til:
Marianne Angård
NVE ved Karianne
Rognhaugen